Gul	0,522	0,477	0,470	0,440	0,427	0,483	0,465	0,534

Standardfargene RAL 1023 TRAFIKKGUL og NCS S 1080-Y GUL møter kravet til gul overflatefarge.

4.3.2 Dagslysfluoriserende gul refleks

Spesialmerket skal ha panel med dagslysfluoriserende gul skiltfolie. Fargen på skiltfolien skal være innenfor de verdier som er angitt med hjørnekoordinater i henhold til CIE (International Commission on Illumination) standard kromatiske diagram i tabellen under.

Tabell 10. Fargekoordinater i dagslys for fluorescerende skiltfolie

	1		2		3		4	
	x	Y	x	y	x	y	x	y
Gul	0,494	0,505	0,470	0,480	0,513	0,437	0,545	0,454

Panelet skal i dagslys kunne observeres på en avstand av 2 nautiske mil.

4.3.3 Gult lyssignal

Spesialmerket skal gi et lyssignal med følgende egenskaper:

- Farge: Gul
- Karakter: (benevnelse): Oc Y 2s
- Periode: 2 sekunder med 1,25 sekund lys / 0,75 sekund mørke (arbeidssyklus 62,5 %)
- Lysvidde: 3 nautiske mil
- Tilgjengelighet: 99,8% beregnet over en kontinuerlig periode på 3 år.

Lyssignal skal være synkronisert

Lyssignal skal kunne dokumenteres i henhold til IALA anbefalinger og veiledninger.

Kystverket kan i særlige tilfeller gi unntak fra kravet om lysvidde og kravet om synkronisering. Dette forutsetter en nærmere vurdering med hensyn til sikkerhet og fremkommelighet for sjøfarende, og andre relevante forhold.

4.3.4 Radarreflektor

Spesialmerket skal ha en radarreflektor med et radartverrsnitt på minst 7,5m² i X-båndet og 0,5m² i S-båndet.

Radarreflektoren bør monteres så høyt som praktisk mulig på spesialmerket.

4.4 Annen merking

Dersom det er påkrevd kan Kystverket pålegge annen merking i tillegg til IALA spesialmerke.

4.4.1 Indirekte belysning (flomlys)

Et akvakulturanlegg kan bli indirekte belyst som arbeidsbelysning eller for å gi sjøfarende et sekundærlys fra dette.

Indirekte belysning bør gi et midlere luminansnivå på akvakulturanlegget på 2 cd/m² ved lyse omgivelser og 1 cd/m² ved mørke omgivelser.

Når et akvakulturanlegg er indirekte belyst bør dets lokalitetsnummer og navnet på den eller de som innehar tillatelse på lokaliteten belyses særskilt.

Indirekte belysning eller annet lys på et akvakulturanlegg skal ikke blende sjøfarende.

4.4.2 Radarsvarer (racon)

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av radarsvarer (racon).

Radarsvareren skal operere i frekvensbåndene 2 900–3 100 MHz og 9 300–9 500 MHz.¹

Radarsvarere skal sende signal som anvist av Kystverket.

Etablering av radarsvarer (racon) krever særskilt tillatelse fra Kystverket.

4.4.3 AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning.

AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning skal være satt opp med meldingstype og innhold for dette formål som anvist av Kystverket.²

Etablering av AIS navigasjonsinnretning krever særskilt tillatelse fra Kystverket. Det krever også radiolisens samt kallesignal/identitet utstedt av Telenor Maritim Radio.³

4.5 Anvisning til utførelse av IALA spesialmerke mv.

4.5.1 Montering av utstyr

Utstyret bør hvis mulig monteres på en 1,75–2 meter høy mast eller lignende.

Montasjen bør være i følgende rekkefølge ovenfra og ned:


1. lyssignal
2. radarreflektor
3. reflekspanel

4.5.2 Bære og støttekonstruksjoner


Bære- og støttekonstruksjon skal tilfredsstillende krav til oppsettingsutstyr etter Håndbok 062 Trafikksikkerhetsutstyr Tekniske krav (Vegdirektoratet) / NS-EN 12899-1 Faste, vertikale trafikkskilt - Del 1: Faste skilt.

Eksempler på merking av akvakulturanlegg

Figur 10. Flytende akvakulturanlegg i sjø - oversikt



Figur 11. Flytende akvakulturanlegg i sjø - IALA spesialmerke



1. Jf. Recommendation ITU-R M.824-3 (International Telecommunication Union) as revised.
2. Jf. Recommendation ITU-R M.1371-4 (International Telecommunication Union) as revised.
3. Jf. Recommendation ITU-R M. 585-5 as revised og ITU Circular Letter CM/17.


18/4-17

B. Holth


KYSTVERKET
 VEST

PLASSERING AV OMSØKTE ANLEGG

Det planlagte anlegget på lokaliteten vil bestå av eit ringanlegg frå Aqualine AS bestående av 4 stk. 50 meter ringar (omkrins på 160 meter) der kvar ring vert liggjande i ei fortøyningsramme på 100 x 100 meter på to rekkjer (**figur 4**). Det er og høve til å kunne leggje ut 200 m ringar innanfor denne fortøyningsramma. Anlegget har innafør rammefortøyinga eit ytre mål på 200 x 200 m der avstanden mellom ringane er om lag 50 meter. Det ligg og ein fôrflåte på nordaustsida av anlegget rundt 150 meter frå land. Anlegget ligg vinkelrett ut frå land i retning nordvest – søraust. Anlegget vil ha 2 fortøyingar ut frå hjørna på rammefortøyingane på kvar ring. Senterpunktet for anlegget ligg om lag 300 m frå land ved Laberget i posisjon 60°44,995' N / 05°17,930' Ø. Fôrflåten med ca storleik 25 x 16 m ligg slik som i dag og vert fortøyd om lag 50 m frå anleggets kortende mot nordnordøst. Fôrflåten er fortøyd med vinkelrette fortøyingar i land, mot søraust og nordvest frå dei nordlege hjørna og kryssfortøyingar mot søraust og sørvest frå dei sørlege hjørna.



Figur 4. Oversiktskart og djupnêtilhøve over området rundt den omsøkte lokaliteten, med avmerking av ytterlinja til AK6, det planlagte anlegget med fortøyingar og feste, planlagt flåte med fortøyingar og feste i målestokk ca 1:16.500. Frå Noomas AS.

Fôrflåten vil mot nordnord aust er fortøyd med rundt 100 m lange tau (line F1 og F2) med botnfeste på ca 10 – 15 m djup festa i bolt i fjell. I retningsområdet sørsøraust – vestnordvest er fôrflåten fortøyd med rundt 165 – 510 m lange tau (line F3 – F8) med botnfeste på mellom 90 og 450 m djup festa i ploganker.

Anlegget si side mot nordnordøst vil bli fortøyd med rundt 120 – 150 m lange tau (line 1 – 4) med botnfeste på ca 10 – 20 m djup festa i bolt i fjell. Anlegget si side mot sørsøraust vil bli fortøyd med rundt 300 – 525 m lange tau (line 5 – 7) med botnfeste på 80 – 250 m djup festa i ploganker. Anleggets side mot sørsørvest vil bli fortøyd med rundt 700 m lange tau (line 8 – 11) med botnfeste på ca 650 m djup i ploganker. Anlegget si side mot nordnordvest vil bli fortøyd med rundt 370 – 400 m lange tau (line 12 – 14) med botnfeste på 300 – 450 m djup festa i ploganker (jf. **figur 4** og **5**). Kva type tau og botnfeste som skal brukast og dimensjonar på desse (boltar, ploganker, tau og kjetting, og liknande) vil bli avgjort i samband med fortøyningsanalysen av totalanlegget (flytekrage, nøter, fôrflåte og fortøyningsplan).

18/4-17

B. Halken

KYSTVERKET
VEST

Tabell 1. Posisjonar (WGS 84) for plassering av anlegg og flåte på lokaliteten Laberget

Anlegg og flåte	Posisjon N	Posisjon Ø
Anlegg NV hjørne	60°45,060'	05°17,857'
Anlegg NØ hjørne	60°45,033'	05°18,062'
Anlegg SV hjørne	60°44,958'	05°17,794'
Anlegg SØ hjørne	60°44,927'	05°18,014'
Anlegg, midten	60°44,995'	05°17,930'
Flåte NV hjørne	60°45,052'	05°17,893'
Flåte NØ hjørne	60°45,048'	05°17,918'
Flåte SV hjørne	60°45,040'	05°17,891'
Flåte SØ hjørne	60°45,036'	05°17,916'
Flåte, midten	60°45,073'	05°17,932'

Vedlagte fortøyningsplan syner at det er naudsynt med eit større oppankringssystem for å få lokalisert anlegget på den omsøkte djupna. Då er det viktig å hugse på at alle fortøyningar vert liggjande godt **under vatn**. Anlegget vil soleis **ikkje** hindre båtferdsle i området. Dei nordvestgåande fortøyningane vil kunne komme inn i ytterkanten av eit fiskeområde/trålfelt som er avmerka i Masfjorden kommune sin kommuneplan, men det er ikkje sannsynleg at desse vil ha nokon særleg innverknad på fiskeriaktivitetane i området.

Tabell 2. Posisjonar (WGS 84) for fortøyningar frå anlegg samt type botnfeste nytta på kvar fortøyning på lokaliteten Laberget.


Fortøyning nr	Posisjon N	Posisjon Ø	Lengde, m	Feste
1, anlegg	60°45,125'	05°17,889'	119	bolt i fjell
2, anlegg	60°45,122'	05°17,976'	140	bolt i fjell
3, anlegg	60°45,118'	05°18,013'	140	bolt i fjell
4, anlegg	60°45,113'	05°18,101'	154	bolt i fjell
5, anlegg	60°44,983'	05°18,396'	301	ploganker
6, anlegg	60°44,921'	05°18,476'	378	ploganker
7, anlegg	60°44,845'	05°18,597'	525	ploganker
8, anlegg	60°44,548'	05°17,885'	679	ploganker
9, anlegg	60°44,555'	05°17,780'	679	ploganker
10, anlegg	60°44,563'	05°17,644'	707	ploganker
11, anlegg	60°44,571'	05°17,553'	707	ploganker
12, anlegg	60°45,018'	05°17,345'	406	ploganker
13, anlegg	60°45,068'	05°17,393'	392	ploganker
14, anlegg	60°45,110'	05°17,440'	371	ploganker
F1, flåte	60°45,129'	05°17,937'	203	bolt i fjell
F2, flåte	60°45,123'	05°17,985'	98	bolt i fjell
F3, flåte	60°45,029'	05°17,337'	343	ploganker
F4, flåte	60°45,008'	05°17,387'	392	ploganker
F5, flåte	60°45,799'	05°17,071'	476	ploganker
F6, flåte	60°45,939'	05°17,460'	462	ploganker
F7, flåte	60°45,085'	05°17,637'	252	ploganker
F8, flåte	60°45,109'	05°17,753'	168	ploganker

I tabell 1 og 2 er det oppgitt posisjonar for plassering av anlegg og flåte samt posisjonar for endefortøyningane samt type botnfeste. Ein gjer merksam på at dette er slik det føreligg på søknadstidspunktet, og at den faktiske plasseringa av sjølve anlegget og fortøyningsplanen kan variere noko i høve til dei oppgitte posisjonane ut frå kva det vert gjevne løyve til i søknadsprosessen.



KYSTVERKET
VEST

18/4 - 17
B. Holte



Figur 5. Skisse av det planlagte anlegget og fôrflåte ved Laberget (jf. figur 4) i målestokk ca 1:2950. Senterpunktet til anlegget vil vere ca 60°44,995' N / 05°17,930' Ø.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FE - 223	16/615

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Teknisk utval	PS	25.04.2017

Søknad om tilskot frå fiskefondet i Masfjorden frå Henning Skuggedal

32T

Journalposttittel	Dato
Søknad om tilskot frå fiskefondet	17.02.2017
1+SV+_1023071.pdf	17.02.2017
Søknad om tilskot frå fiskefondet	02.08.2016
Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond - Masfjorden kommune	18.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Henning Skuggedal sin søknad om tilskot frå fiskefondet vert ikkje godkjent slik den ligg føre. Den stettar ikkje §1-Føremål i Masfjorden sine reviderte retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Henning Skuggedal har søkt om midlar til vegbygging frå fiskefondet i søknad datert 17.02.2017

Fakta

Henning Skuggedal har også søkt om tilskot frå fiskefondet 29.06.2016, sjå vedlegg. Då vart det søkt om 60.000,- frå fiskefondet for å fremja fiskekultivering, samt at her skal byggjast ein veg på om lag 220 meter ned til Kalhovdavatnet. Her har kome to søknader frå søkjar og ein viser her vidare til brev datert 19.12.2016. Saka vart då teken opp og oversendt rådmannen for vurdering om den var tilskotsberettiga. Rune Langhelle har også etterspurt saka fleire gonger, men rådmannen ynskte retningslinjene av kommunalt fiskefond revidert. Difor har saka måtta venta noko, men Langhelle er orientert om tilhøvet. Sak om revidering av kommunalt fiskefond vart difor teken opp politisk, først i TU – teknisk utval 22.11.2016, vidare til formannskapet 29.11.2016 og endeleg godkjent i kommunestyret 13.12.2016.

Reviderte retningslinjer for fiskefondet ligg i vedlegget.

Vurdering

Masfjorden sitt fiskefond vert nytta for å fremja fiskekultivering og er no revidert. Formålet er det same jfr§1 kva fondet kan nyttast til.

I den første søknaden som vart sendt bad kommunen om noko tilleggsinformasjon. Då me kjenner godt til saka gjennom Rune Langhelle trengst likevel ettersendt:

- Eit kostnadsoverslag, kva skal kjøpast og gjerast her.
- Finansiering – korleis ser ein for seg prosjektet fordelt/finansiert
- Kartfesting
- Foto
- Kontaktperson

Etter orienteringsmøte på kommunehuset med Rune Langhelle, administrasjonen og leiar i TU, John Torsvik, påpeika kommunen at skal ein få tilskot frå fiskefondet må ein utforma ein søknad så det er i tråd med gjeldande retningslinjer for fiskefondet. Då fondet skal nyttast slik det er tiltenkt kan ein ikkje godkjenna søknader som berre går på vegbygging. I den første søknaden står det rett nok at ein også skal driva fiskekultivering, men kostnadsoverslag og finansiering på desse viktigaste punkta er ikkje med no i den siste søknaden.

Rådmannen meiner at søknaden om tilskot frå fiskefondet som no ligg føre ikkje er i samsvar med dei nyleg vedtekne retningslinjene for bruk av fiskefondet.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak.

16/615

Henning Skuggedal

5986 Haugsvær.

Masfjorden Kommune

5981 Masfjordnes

Søknad om midlar til vegbygging av fiskefonde.

Søker med dette om støtte til bygging av tilkomst veg og bru til Kalhovdavatne. Ei detaljert oppsett av kostnader.

Tilkjøring av planeringsmasse.	Kr60000
Kjøp av masse frå Kringla	Kr10000
Bruspenn og eikedekke	Kr 15000
Plastringstei til bru fundament	Kr 10000
Maskinarbeid plastring	Kr 25000
Betongarbeid til fastseting av bruspen	Kr 5000

Totalt vert dette 125000 kr.


Me vert med på alt arbeid og til rette legging ,det kjem i tillegg,men har ikkje rekne i detalj på de.

Summen kr 125 tusen er ting me må kjøpa.

Helsing Henning Skuggedal.

Kalhovda 10.01 2017

Henning Skuggedal
.....



0 10 20 30m
 Målestokk 1 : 1500 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 16.02.2017

GÅRDSKART 1266-43/6
 Tilknyttede grunneiendommer:
 43/6

NIBIO
 NORSK INSTITUTT FOR
 BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
—	Fulldyrka jord	5.6	
≡	Overflatedyrka jord	0.0	
≡	Innmarksbeite	0.1	5.7
S	Skog av særst høg bonitet	0.0	
H	Skog av høg bonitet	0.0	
M	Skog av middels bonitet	0.0	
L	Skog av lav bonitet	0.0	
i	Uproduktiv skog	0.0	0.0
≡	Myr	0.0	
≡	Åpen jorddekt fastmark	0.4	
≡	Åpen grunnlendt fastmark	0.3	0.7
≡	Bebyggd, samf, vann, bre	0.0	
≡	Ikke klassifisert	0.0	0.0
	Sum:	6.4	6.4

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser
 □ Eiendomsgrenser

16/615



Henning Skuggedal

5983 Haugsvær.

29.06. 2016

Masfjorden Kommune

5981 Masfjordnes.

Søknad om tilskot frå fiskefondet.

Grunneigarane på Kalhovda, Eikemo og Solheim har i ei årrekke prøvd å fiska opp småfisk. Spesielt i Kalhovdavatnet ved hjelp av ruse og garn.

Det som er problemet i Kalhovdavatnet er tilkomst til vatnet. Me må ha ein traktorveg ned til vatnet. Planen er å bygga den der den gamle gangstien var, som er innteikna på kart.

Den gangbrua som kryssa avløpselva frå Kalhovdavatnet, raser snart saman. Dermed vert tilkomsten til vatnet og gangstien ødelagt. Elva har igjennom mange år grave jordkanten vekk. No må det steinsettas eit nytt brukar og litt plastring langst elva.

Me planlegg på same tid ein skogsveg slik at me vert eit spleiselag. Vegen har ein lengde på 220m, den blir konstruert til å tåle traktor med henger. Vegen får da ein fleirbruksverdi.

Me har prøvd med ferskvatn-rusa, det var ingen suksess. No er det tenkt kastenot. Masfjorden Jakt-fisk og Naturvernlag vil bruka vatnet til opplæring for sine medlemmer. Vegen vil heilt klart fremma entusiasmen med ferskvatn fiske. I dag står det skilt rundt vatnet, slik at det er tillatt med all redskap for fiske.Gratis.

Me søker med dette om 60 000 kr. frå fiskefondet til dette arbeidet, for å fremma fiskekultiveringa ,som vil fremma interessa for fiske,når fisken vert større og meir taltalande,også som matfisk.

Med helsing . Henning Skuggedal

Henning Skuggedal



Revidering av retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond

Masfjorden kommune



DIREKTORATET FOR VILT OG FERSKVANNSFISK
VEDTEKTER VEDRØRANDE MIDLAR AVSATT TIL OPPHJELP AV FISKET I MASFJORDEN KOMMUNE I
SAMBAND MED LØYVE TIL UTBYGGING AV MATRE OG HAUGSDALSVASSDRAGET.

Med heimel i Kgl.res. av 8. februar 1980 pkt. 18 III , har Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk den 4. juli 1985 godkjend følgjande vedtekter for bruken av det årlege beløp til opphjelp av fisket på kr. 10.000,- som er sett av til Masfjorden kommune i samband med utbygginga av Matre og Haugsdalsvassdraget.

§ 1 Føremål.

Fondet skal nyttast til tiltak som kan fremja innlandsfisket i Masfjorden kommune etter kommunestyrets bestemmelsar. Innafor denne ramma kan midlane nyttast til :

- a) Bygging av fisketrapper, terskler, klekkeri, settefiskdamar o.a. som lekk i kultiveringsarbeid for opphjelp av fisk.
- b) Innkjøp av rogn, yngel og settefisk med sikte på utsetting i vatn og vassdrag der det er trong for ny eller meir fisk.
- c) Dekking av utgifter i samband med utfisking av altfor tette bestandar, transport av levande fisk til ny lokalitet og lignende
- d) Tilskot til driftsplanlegging der det vert nytta leigd fagleg hjelp eller til dekning av andre kostnader i samband med slikt planarbeid.1 Fiskefond - Heimel, kapital og avkastning.

§ 2 Rekneskap

Rekneskapen for fondet vert førd av kommunekasseraren etter gjeldande føresegner. Kvart år skal det leggjast fram ei kort melding om fondet si verksemd til TU og Kommunestyret.

§ 3 Avkastning

Fiskefondet vert tilført midlar årleg frå BKK mot slutten av året. Opphavleg sum kr. 10.000 vert indeksregulert kvar 5 år, og utgjør no om lag kr. 30.000,-.

§ 4 Målgruppe

Målgruppa for ordninga er private, private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarlag og andre som driv fiskekulturarbeid

§ 5 Søknad.

Fiskefondet tildeler midlar ut i frå søknadsfristar med hhv. 15.april og 15.september
Forutsetning for å få tilskot er at ålmenta har høve/tilgang til fiske.

Søknaden skal vere skriftleg og må minst innehalde:

- ei utgreiing om tiltaket,
- kostnadsoverslag
- finansiering,
- kartfesting
- foto.
- Kontaktperson for tiltaket.

§6 Tilskot

Fondet sin ytingar er tilskot. Det vert ikkje gjeve lån. Tiltaket kan etter søknad få maks 50% tilskot av kostnadsoverslaget.

§ 7 Administrasjon og forvaltning.

Fiskefondet vert handsama av rådmannen med framlegging av sak til TU for sum inntil 100.000,-, for søknader og tilskot over denne summen (100.000,-), skal TU gi innstilling og formannskapet fatta vedtak.

§8 Utbetalingar.

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75% når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport, ferdigattast m.m.) Ved andre løyvingar skal krav for utbetaling gå fram av vedtaket.

§9 Klagerett.

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap.VI gjeld for klage og endring av vedtak.

Godkjent av kommunestyret for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/545

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2017	Teknisk utval	PS	25.04.2017

Delegerte saker

32T

015/2017 Melding om delegert vedtak - dispensasjon - bygging av naust - gbnr 47/49, Haugsvær

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 19-2 og 20-4 og godkjenner søknad om oppføring av naust på gbnr 47/49, Haugsvær.

Søknad med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.06.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Tiltaket kan ikkje settjar i verk før klagefriset er ute og det ikkje ligg føre merknader i saka.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Omsøkt naust ligg i eit området kor det allereide ligg ein veg, naust, bustadhus, og felleskai for Haugsvær. Vidare kan ein for dette tiltaket nytte seg av eksistrande infrastruktur som ligg tett inntil omsøkt tiltak.

Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med viktige arealinteresser, helse, miljø, tryggleik, tilgjenge eller landskapskvalitetar. Ein kan heller ikkje sjå at å dispensera frå kommuneplanen på denne staden, vil medføra uheldige følgjer i høve til medverknad eller andre interesser. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved omsøkt tiltak, spesielt fordi ein dispensasjon ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som strandsonevernet er meint å ta vare på.

Heimel

Plan – og bygningslova 19-2 og 20-4

Kommuneplanen 2012 -2024

010/2017 Melding om delegert vedtak - planering av 5 bustadtomtar - gbnr 5/69 Giljane bustadfelt

Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om bygging av veg og planering av 5 stk tomtar, gbnr 5/69 Giljane bustadfelt.

Søknad med vedlegg mottatt 06.01.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.10.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Det må sendast inn ansvarsrett for PRO og UTF for vatn og avlaupsinstallasjonar.
- Det må sendast inn søknad om utsleppsløyve for feltet, slammavskillar.
- Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket før det vedt gjeve ferdigattest.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med reguleringsplan Giljande bustadfelt, utviding.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Søkjar
PRO	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Oppmåling og uteareal og landskapsutforming
UTF	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Innmåling og utstikking, og grunnarbeid.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

012/2017 Melding om delegert vedtak - bygging av plasthall - gbnr 38/2-3, Kvingo

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om

påbygg på oppdrettskar, gnr 38 bnr 2, Kvingo.

Søknaden med vedlegg mottatt 27.02.17 vert godkjent på følgjande vilkår:

☑ Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.01.2017 med heimel i pbl. § 29-4.

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med kommuneplanen 2012-2024.

Heimel § 20-1

Plan – og bygningslova

Kommuneplanen 2012-2024.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Søkjar
PRO	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	
UTF	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

019/2017 Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad gbnr 50/129
Stordalshammaren

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av fritidsbustad gbnr 50/129, Stordalen.

Søknad med vedlegg mottatt 24.02.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 24.02.2017
- Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

- Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg og utførast i samsvar med VA-plan
- Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket før det vert gjeve ferdigattest.
- Skilting av fritidsbustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i trå med reguleringsplan Stordalshammaren.

Heimel: plan – og bygningslova § 20-1

Reguleringsplan Stordalshammaren

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Sigvarten DESIGN	911638509	S	1	Søkjar
PRO	Sigvarten DESIGN	911638509	S	1	Arkitekturprosjektering
PRO	Hafs Elektro og Rør as	95765377	S	1	Sanitæranlegg
UTF	Odd Haugen Maskinstasjon as	953498685	S	1	Plassering, grunnarbeid, stikkledningar
UTF	Sørsida Sag AS	971232498	s	1	Fundament inkl radon

UTF	Sigvarten DESIGN	911638509	S	1	Tømrar, våtrom, pipe og ildsted
UTF	Hafs Elektro og Rør as	95765377	S	1	Sanitæranlegg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

Adressevedtaket

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 50 bnr 129, skal ha

følgjande offisiell adresse:

Stordalshammaren 8

Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering

(matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om

eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

011/2017 Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløyising av feste gbnr 50/2/27 i Litlekupa hyttefelt

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsføremål frå gnr. 50, bnr. 2 og 4 i Litlekupa hyttefelt.

Søknaden gjeld innløyising av punktbeste gbnr. 50/2/27.

Grunngjeving:

Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.

017/2017 Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløyising av festetomt gbnr 34/1/1, Hope

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 2 400 m2 til bustadføremål frå gnr. 34, bnr. 1.

Søknaden gjeld også innløyising av festetomt gbnr. 34/1/1.

Grunngjeving:

Søknaden er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.

013/2017 Melding om delegert vedtak - planering av industriområdet - 32/39, Kvamme

Masfjorden kommune ved rådmann viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om planering av industritomt til industriformål, gbnr 32/39, Kvamme.

.

Søknad med vedlegg mottatt 15.02.2017, vert godkjent på fyljande vilkår:

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.01.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- **Det skal sendast inn koordinatar av tiltaket før det vert gjeve ferdigattest.**
- **Det skal gjevast ferdigattes før tiltaket kan takast i bruk.**

Grunngjeving:

Tiltaket er i trå med reguleringsplan for kvamme industriområde.

Heimel:**Reguleringsplan kvamme industriområdet.****§ 20-1 plan – og bygningslova.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARsomRÅDE
SØK	Byggm. Bjørn Rune Kvinge As	954354008	S	1	Søkjar
PRO	Frode Haugsvær maskin as	985442320	S	1	Prosjektering av grunnarbeid
PRO	SH oppmåling as	913864344	S	1	Innmåling før prosjektering
UTF	SH oppmåling as	913864344	S	1	Utstikking for utførelse i terreng
UTF	Frode Haugsvær maskin as	985442320	S	1	Grunnarbeid på industritomt

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

007/2017 Melding om delegert vedtak - rammeløyve - utviding av hytte - gbnr 38/41 Kvingo

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova § 20-1, og godkjenner rammesøknad for utviding av hytte, gbnr 38/41, Kvingo.

Søknad med vedlegg mottatt 14.02.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det skal søkjast om utsleppsløyve før igangsetting av tiltaket.
- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 09.01.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Koordinatar for innmålt bygg, veg, parkering må sendast til kommunen før ferdigmelding

Av tiltaket

- Tiltaket kan ikkje settjast i gang før det ligg føre løyve til dette.
- Det skal søkjar om ferdigattest når tiltaket er ferdig.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med kommuneplanen 2012-2024.

Heimel:

Plan – og bygningslova.

Kommuneplanen 2012 -2024.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	3 R W arkitekter	977387930	S	1	Søk
PRO	3 R W arkitekter	977387930	S	1	Arkitektonisk utforming, bygningsfysikk, og våtrom. Uteareal og landskapsutforming.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av fritidsbustad gbnr 50/142, Stordalen.

Søknad med vedlegg mottatt 16.02.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 16.02.2017
- Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
- Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg og utførast i samsvar med VA-plan
- Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket før det vert gjeve ferdigattest.
- Skilting av fritidsbustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i trå med reguleringsplan Stordalshammaren.

Heimel: plan – og bygningslova § 20-1

Reguleringsplan Stordalshammaren

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Øyvind Litangen	911913038	S	1	Søkjjar
PRO	Byggmester Øyvind Litangen	911913038	S/L	1	Konstruksjonar
PRO	Odd Haugen Maskinstasjon as	953498685	S	1	Grunnarbeid og grøfter
PRO	Vest Oppmåling	987321679	S	1	Stikningsdata
PRO	Hjelmås VVS as	988410586	S	1	Sanitæranlegg med tilhøyrande ledningsnett
UTF	Byggmester Øyvind Litangen	911913038	S/L	1	Tømrar – og våtroms arbeid
UTF	Odd Haugen	953498685	S	1	Grunnarbeid og

	Maskinstasjon as				grøfter
UTF	Jørgen Helland	979713274	L	1	Betongarbeid, Grunnmur
UTF	Vest Oppmåling	987321679	S	1	Stikningsdata
UTF	Hjelmås VVS as	988410586	S	1	Sanitæranlegg med tilhørende ledningsnett

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

Adressevedtaket

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 50 bnr 142, skal ha

følgjande offisiell adresse:

Stordalshammaren 3

Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhørende forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

021/2017 Melding om delegert vedtak - Tilkopling vann/avløp 1/57 Stokkevika

Søknad om tilkopling av kommunalt vatn og avlaup gnr 1 bnr 57, Ytre Haugsdal, slik søknaden med vedlegg mottatt 08.03.17 viser, vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tilknytingsavgift skal vere betalt før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.

Heimel:

Masfjorden vassverk, reglement, vilkår for tilknytning

016/2017 Tildeling av adresse - GBNR 14/103 Hosteland

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

Adressevedtaket:

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 14 bnr 103, skal ha følgjande offisiell adresse:

Træet 16

Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/545

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2017	Teknisk utval	PS	25.04.2017

Referatsak

32T

1 Referat sak - teknisk utval 25.04.2017

--

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Notat

Til:

Kopi til:

Sakshandsamar: Teknisk, miljø og landbruk/Roald Kvingedal

Vår referanse: 17/533 - 1 /

Dato: 18.04.2017

Emne: Referat sak - teknisk utval 25.04.2017

- Utsiktrydding:** Søknad til midlar for utsiktrydding. Masfjorden kommune har søkt til Fylkesmannen i Hordaland om midlar til utsikstrydding. Søknadsfristen var 1 Mars. Masfjorden kommune har fått tildelt midlar til dette på kr 665.000,-, dette arbeidet vert sett i gang i løpet av våren .
- Strandrydding:**
Gå til NGIR si heimeside <http://ngir.no/> og klikk på banneret "Vil du rydda ei strand? Registrer ryddeaksjonen her." , så finn du meir informasjon. Eller gå direkte til registrering via linken http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding. Registrer gjerne ryddedugnaden hjå "Hold Norge Rent" i tillegg, på <http://holdnorge.no/>.



Bli med å rydda strender og kystlinje i Nordhordland og Gulen!

Marin forøpling er ei av vår tids største miljøutfordringar. Plast er identifisert som ein særleg problematisk del av avfallet i og ved havet. Plast har lang nedbrytingstid, og i havet vert nedbrytinga ytterlegare bremsa av låge vasstemperaturar og redusert UV-stråling. Plasten vil over fleire hundre år bli broten ned til mikroskopiske delar, og vert då tilnærma umogeleg å fjerna. Plast i naturen er ein konstant fare for fuglar og anna dyreliv.

Ynskjer du å delta?

Gå til NGIR si heimeside <http://ngir.no/> og klikk på banneret "Vil du rydda ei strand? Registrer ryddeaksjonen her.", så finn du meir informasjon. Eller gå direkte til registrering via linken http://a3.nordhordlandskart.no/ngir_strandrydding. Registrer gjerne ryddedugnaden hjå "Hold Norge Rent" i tillegg, på <http://holdnorerent.no/>.

Utlevering av strandryddesekkar

- Registrer ryddeaksjonen som forklart over, og få sekkar til strandrydding.
- Strandryddesekkar kan hentast på følgjande stader:
 - NGIR sine gjenvinningsstasjonar; Litlås, Manger og Mjåtveit, eller i resepsjonen i Kjevikdalen.
 - Rådhuset (ta kontakt med din kommune for info).
- NGIR kan i nokre tilfelle levera ryddeutstyr til avtalt stad. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).
- NGIR kan i nokre tilfelle plassera ut konteinrar til større avfallsmengder. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).

Levering/henting av avfall frå strandrydding

- Avfallet frå strandrydding kan du levera gratis ved gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen. Ta kontakt i resepsjonen når du kjem, så avfallet kan verta registrert og vege.
- Det er diverre ikkje moegeleg å levera avfall frå strandrydding på dei andre gjenvinningsstasjonane.
- NGIR kan i nokre tilfelle henta avfallet på avtalt hentepunkt. Ta kontakt for å avklara dette (sjå nedst på arket).
- Avfallet frå strandryddinga må berre setjast fram på hentepunkt etter avtale med NGIR.

Sortering av marint avfall

Jern og metall, dekk og trevyrke, og miljøfarleg avfall, skal leverast for seg, og ikkje samanblanda med resten av det marine avfallet. Ta kontakt for å avtala levering av desse avfallsfraksjonane. Alt anna marint avfall vert handsama som restavfall, og vert sendt til forbrenning med energiutnytting. Dette gjeld óg fiskegarn som ein får plass til i strandryddesekkanen.

Del bilete: Ta gjerne bilete frå strandryddinga og del med oss.

Kontakt oss:

For meir informasjon om strandryddinga, eller for å gjera nærare avtaler om utkøyring av ryddeutstyr eller henting av avfall, ta kontakt med oss på post@ngir.no eller tlf. 56 34 33 10.

Rydd Trygt: Me ynskjer både born og vaksne ei trygg strandrydding. Ein del av skrotet som ein finn i strandsona må ein vera varsam når ein handsamar, og me tilrår difor at born ryddar saman med vaksne. Ta i bruk tryggingsutstyr som redningsvest og hanskar.